



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE
Den offentlege tannhelsetenesta



Samfunnsodontologisk forum 5.-6. juni 2018

Hotel Alexandra, Loen



www.sfj.no

5. juni

- 10.00-11.00 Registrering og utstillingsvandring**
- 11.00-11.40 Opning**
- fylkespolitikar Karen Marie Hjelveseter
 - musikalsk innslag v/ MGPIr-vinnarane 2016, Vilde og Anna
- 11.40-12.00 Korleis snu den negative kariesutviklinga? Resultat frå prosjektet «Puss frå første tann»**
v/ Grete Tungevåg Brudeseth, folkehelsekoordinator ved tannhelsetenesta i Oslo
- 12.00-13.00 Lunsj**
- 13.00-14.00 Tannhelse - del av ein heilskap**
v/ Hans Johan Breidablik, spesialist i samfunnsmedisin og øyre-nase-halssjukdom
- 14.00-15.00 Tannhelsetenesta og endring av levevanar**
v/ Astrid Nylenda, Helsedir.
- 15.00-15.30 Utstillingsvandring**
m/ servering
- 15.30-16.00 Leve heile livet - også med god tannhelse**
v/ Line Miriam Sandberg, statssekretær
- 16.00-17.00 Kva er gale med norsk eldre tannpleie?**
v/ Gunnhild Strand, professor i odontologi
- 17.00-17.15 Utdeling av Zendiumprisen 2018**
- 17.15 Praktisk info, kaffi og svele**
- 20.00 Middagsbuffé**
på Hotel Alexandra

6. juni

- 08.30 God morgon**
v/ Clara Øberg, direktør for tannhelsetenesta Sogn og Fjordane
- 08.30-10.30 NOU 2017:12 Svikt og svik - Kvifor maktar vi ikkje å hindre alvorleg vald mot barn? Ein analyse av samfunnets innsats i høg-risiko- og massestrategisk perspektiv**
v/ Geir Sverre Braut, professor ved teknisk-naturvitskapleg fakultet i Stavanger
- 10.30-11.00 Utstillingsvandring**
m/ servering og utsjekk
- 11.00-12.00 Fleire bør sikrast betre tannhelse - kva kan ombudet bidra med?**
v/ Anne-Lise Kristensen, pasient- og brukarombud
- 12.00-13.00 Transport med Loen Skylift til Hoven**
- 13.00 Lunsj og musikk**
Olav Stedje på restaurant Hoven
- 14.00 Returtransport med Loen Skylift**





Grete Tungevåg Brudeseth er overtannpleiar og folkehelsekoordinator i Tannhelsetjenesten Oslo. Ho har vore prosjektleiar for «Puss fra første tann». Jobbar med førebygging og helsefremming innan tannhelse. Styremedlem i Norsk tannvern.



Hans Johan Breidablik er spesialist i samfunnsmedisin og øyre-nase-halsjukdom. Han har doktorgrad om opplevd helse hjå ungdom, gjort kartleggingar i Sogn og Fjordane sidan 1995 og publisert forskning på temaet. Han er tidlegare kommunelege og fagdirektør i Helse Førde. No er han seniorrådgjevar og medarbeidar i Samhandlingsbarometeret.



Astrid Nylenda arbeidar med folkehelse i Helsedirektoratet, blant anna med oppfølging av arbeidet med ikkje-smittsame sjukdomar og risikofaktorar for desse. Ho er spesialist i samfunnsmedisin og har mastergrad i helseadministrasjon.



Line Miriam Sandberg er statssekretær i Helse- og omsorgsdepartementet med ansvar for eldreomsorg og folkehelse. Ho har seksten års erfaring frå kommune- og fylkespolitikk, blant anna som fylkesråd for næring, kultur og helse i Troms.



Gunhild Vesterhus Strand er professor i odontologi ved det medisinske fakultet ved Universitetet i Bergen. Føredraget vil sjå på årsaker til at tannhelsetilbodet til svekka eldre ikkje er godt nok. Aktuelle tiltak vert diskuterte.



Geir Sverre Braut er seniorrådgjevar ved Stavanger universitetssjukehus. Han er cand.med., spesialist i samfunnsmedisin og har folkehelseutdanning frå Nordiska hälsovårdshögskolan i Göteborg. Han er også professor II i helsefag ved Høgskolen på Vestlandet og i samfunnstryggleik ved Universitetet i Stavanger.




Anne-Lise Kristensen er pasient- og brukarombod i Oslo og Akershus, og sosial- og eldreombod i Oslo. I arbeidet sitt møter ho spørsmål om og klager på tannbehandling frå folk i alle aldrar. Som ombud er ho oppteken av at tennene er ein del av kroppen, og at tannbehandling i større grad enn i dag bør finansierast av det offentlege.



Hotel Alexandra

Middagen på Hotel Alexandra er like berømt som naturen i Loen. Tysdag blir det servert ein rikhaldig middagsbuffé med stort utval av varme og kalde rettar, samt eit stort dessertbord i restaurant Charlotte. Etter middagen er det dans med livemusikk i Alex Dancing.

Buande gjester har fri inngang i Alexandra Bad med innan- og utandørs symjebasseng, boblebad inne og ute, vannsklie, barnebasseng med meir. I tillegg har hotellet ei spaavdeling med egne prisar.



Tur med Loen Skylift og lunsj på toppen

Onsdag 6. juni avsluttar vi forumet med ein tur med Loen Skylift og lunsj på Hoven restaurant.

Loen Skylift løftar deg frå fjorden i Loen til fjellet Hoven på 1011 m.o.h. i ei av dei brattaste pendelbanene i verda. Bana vart offisielt opna av HM Dronning Sonja i mai 2017.

Det er plass til 35–40 passasjerar i kvar vogn. Turen tek 5–7 minutt kvar veg.



Med panoramautsikt heilt på kanten av stupet finn vi Hoven restaurant. Her får du eit 210 graders panoramautsyn med utsikt til Skåla og Loenvatnet i aust, Jostedalsbreen og Olden i sør, og ut Nordfjorden i vest. Frå Hoven kan du oppleve høg fjellet på eiga hand i tilrettelagde turstiar.

Velkommen til ei «luftig» oppleving!



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



SAMFUNNSODONTOLOGISK
FORUM
SOGN OG FJORDANE 5.–6. juni 2018